


Detaljert strandsonевurdering

Eksisterande situasjon og landskap i område er beskrive med bilete i planomtalen under Kap.3.0. Derav går det fram at fleire av eidedomane som ein no ynskjer å byggja ut frå før er heilt eller delvis prega av landskapsinngrep, eller utbygging frå før. Planlagd utbygging er beskrive opp mot plankartet under Kap. 7.0 i planomtalen. Vidare så er det laga ei strandsonевurdering for område under Kap. 8.10, som tek føre seg potensielt tilgjengeleg strandsonе og eksisterande bygningspåverking i dag. Konklusjonen her er at strandsona i planområde er greitt tilgjengeleg, men at heile 100% kan reknast som bygningspåverka frå før. I dette vedlegget har ein laga ei noko meir detaljert strandsonевurdering for kvar enkelt av eidedomane i planområde, med oppsummering av dagens situasjon, planlagde tiltak og eventuelle avvik frå gjeldande kommuneplan.


Eigedom 8/1

Eigedom 8/1 er eigd av Alf Helge Sørenes. Tomta måler totalt ca. 33,7 daa, der av ein mindre del inngår i planområde. Område på eigedomen som inngår i planområde er i kommuneplanen vist med føremåla *spreidd bustadbygging* og *LNF-område* langs eksisterande tilkomstveg, og elles område for *fritidsbebyggelse*. I sjø er det avsett område for *småbåtanlegg*. Eigedomen er ikkje utbygd frå før, bortsett frå eksisterande privat tilkomstveg Pv97021 (SKV2) og parkeringsplass (f_SPP1). Desse anlegga gjev tilkomst til tilgrensande tomtar, bygg og anlegg i område og er vidareført i planen. Resterande delar av tomta består i dag av urørt natur. Det er ikkje registrert spesielle interesser eller verdjar på eigedomen.



3D-illustrasjon av dagens landskap som grovt viser eigedom 8/1, sett mot vest.

I samband med planen er det på eigedom 8/1 planlagt å etablere 1 stk. fritidsbustad med tilhøyrande kai samt flytebrygge på ca. 2,5 x 6,0m i sjø. I tillegg avsett område for 2 stk. felles parkeringsplassar, f_SPP1 (eksist. p-plass) og f_SPP2 (ny p-plass), som skal tilknyttast fleire av dei eksisterande og planlagde bygga i område. Eigedom 8/1 er frå før godt tilgjengeleg via eksisterande tilkomstveg. Fritidsbustaden vil få 1 stk. biloppstillingsplass på eiga tomt i tillegg til 1 stk. biloppstillingsplass på parkeringsplass f_SPP1. Planlagde tiltak er i tråd med overordna plan.




Utsnitt fra plankart som viser planlagt utbygging på eigedom 8/1.



Bilete syner dagens situasjon på delar av eigedom 8/1, sett mot nord.

Eigedom 8/7


Eigedom 8/7 er eigd av Sigve A. Håvik Martinsen. Tomta måler totalt ca. 76 daa, der av ein mindre del inngår i planområde. Område på eigedomen som inngår i planområde er i kommuneplanen vist med føremål *fritidsbebyggelse*. I sjø er det avsett område for *småbåtanlegg*. Område for fritidsbebyggelse består i dag av urørt natur. Det er ikkje registrert spesielle interesser eller verdier på eigedomen. Planlagde tiltak er etter beste evne plassert med god tilpassing til eksisterande situasjon, og grøntkorridorar er avsett mellom fleire av bygga for å sikre bevaring av noko urørt friareal, open strandlinje og tilgjenge til sjø. I område for småbåtanlegg er det frå før etablert 1 stk. flytebrygge som måler ca. 3,5 x 18m pluss utligjarar.



3D-illustrasjon av dagens landskap som grovt viser eigedom 8/7, sett mot nord-vest.


I samband med planen er det på eigedom 8/7 planlagt å etablere 7 stk. frittliggjande fritidsbustadar, 7 stk. konsentrerte fritidsbustadar (nr.6 i BFK7, nr. 7 i BFK2, nr. 8-10 i BFK3 og nr. 11-12 i BFK5), og 1 stk. felles naust med boder (f_BUN), som vert liggjande i tilknytning til eksisterande flytebryggje med 12 stk. båtplassar. Til fleire av dei i konsentrerte fritidsbustadane samt naustet, er det elles planlagt tilhøyrande kaianlegg som beskrive under. Alle bygg og anlegg på eigedom 8/7 vil bli knytt til ny felles tilkomstveg SGG1 og SGG2. Det er i tillegg planlagt 2 stk. felles parkeringsplassar, f_SPP3 og f_SPP4 som skal tilknyttast fleire av bygga i område. Det er generelt avsett 1 stk. biloppstillingsplass per naust og 2 stk. biloppstillingsplassar per fritidsbustad i område. Detaljert parkeringsoversikt for kvar av einingane er vist i planomtalen under Kap. 7.0. Planlagde tiltak er i tråd med overordna plan.

Fritidsbustad nr. 6 i BFK7 med kaianlegg SK4:




Utsnitt frå plankart som viser planlagt fritidsbustad nr. 6 i BFK7 og kai SK4.

Fritidsbustad nr. 7 i BFK2 med kaianlegg SK5:



Utsnitt frå plankart som viser fritidsbustad nr. 7 og planlagt kaianlegg SK5.

Naust f_BUN med kaianlegg SKV6 og eksisterande felles flytebrygge med utliggjarar:




Utsnitt frå plankart som viser planlagt naust f_BUN og kai SKV6.

Fritidsbustad nr. 8-10 i BFK3 med felles kaianlegg og utliggjarar (SK7):



Utsnitt frå plankart som viser planlagt fritidsbustad nr. 8-10 og kai SKV7.

Fritidsbustadar nr. 11 og 12 med felles kaianlegg (SK8):



Utsnitt frå plankart som viser planlagt fritidsbustad nr. 11-12 og kai SKV8.




Bilete syner dagens situasjon på delar av eigedom 8/7, sett mot nord.

Eigedom 8/10

Eigedom 8/10 er eigd av Kjersti Gjerde, og er i kommuneplanen vist med føremål *fritidsbebyggelse*. I sjø er det avsett område for *småbåtanlegg*. Eigedomens måler totalt ca. 158m², og er frå før utbygd med 1 stk. naust med kaianlegg og ei flytebrygge på ca. 2,5 x 6,5m. Eksisterande bygg, kai og båtanlegg skal i utgangspunktet bevarast slik det ligg i dag. Eigedomens er frå før tilrettelagt med tilkomstveg, og det er sikra 2 stk. parkeringsplassar, der av 1 stk. på tomte og 1 stk. på felles parkeringsplass f_SPP1. Parkeringsoversikt er vist i planomtalen under Kap. 7.0. Heile tomte er frå før planert og ferdig opparbeidd med grus, og eksisterande bygg og anlegg er frå nyare tid. Det er ikkje registrert spesielle interesser eller verdier på eigedomens som bør ivaretakast.



3D-illustrasjon av eigedom 8/10, sett mot nord-aust.



Utsnitt fra plankart som viser eigedom 8/10.



Bilete syner dagens situasjon på delar av eigedom 8/10, med naust og flytebrygge, sett mot nord.

Eigedom 8/19

Eigedom 8/19 har 5 stk. grunneigarar, og er eigd av; Laila A. V. Hetleflåt, Rolf Normann Hetleflåt, Sigurd Olai Hetleflåt, Aud Marit Skogheim og Anne Søvold Vikanes.

Eigedommen er i kommuneplanen vist med føremål *fritidsbebyggelse*. I sjø er det avsett område for *småbåtanlegg*. Eigedommen måler totalt ca. 121 daa, og er frå før utbygd med 1 stk. fritidsbustad, 1 stk. naust og kaianlegg som i utgangspunktet skal liggja som i dag. Eigedommen vil få utbetra tilkomst via planlagt felles tilkomstveg SGG1 og SGG2 på eigedom 8/7, og det er avsett 2 stk. parkeringsplassar til 8/19 i SPP4. Stort sett heile tomte er frå før planert og ferdig opparbeidd, og det er ikkje registrert spesielle interesser eller verdiar på eigedommen som bør ivaretakast. Eigedommen er i tråd med overordna plan.



3D-illustrasjon av eiendom 8/19, sett mot nord-vest.



Utsnitt fra plankart som viser eiendom 8/19.



Bilete syner dagens situasjon på eiendom 8/19, med fritidsbustad, naust og kaianlegg, sett mot nord.


Eigedom 8/40

Eigedom 8/40 er eigd av John Harry Håvik. Eigedomen er i kommuneplanen vist med føremål *fritidsbebyggelse*. I sjø er det avsett område for *småbåtanlegg*. Eigedomen måler totalt ca. 227m², og er frå før utbygd med 1 stk. naust, bryggjeanlegg, båtopptrekk og ei flytebrygge på ca. 2,5x7,0m. Eigedomen er frå før planert og tilrettelagt med tilkomstveg. Det er ikkje registrert spesielle interesser eller verdier på eigedomen som bør ivaretakast.



3D-illustrasjon av eigedom 8/40, sett mot nord-vest.

I samband med planen så er det på eigedom 8/40 planlagt å erstatte eksisterande flytebrygge med noko utvida kai-/bryggjeanlegg i forhold til i dag. Naust skal i utgangspunktet liggja som før, og det er i planen sikra 2 stk. parkeringsplassar på eiga tomt. Kai-/bryggjeanlegget vil verta liggande mindre enn 3m ut i frå kystkonturen, og omtrent like langt ut som eksisterande flytebrygge går i dag. Planlagd tiltak er i tråd med overordna plan.




Utsnitt frå plankart som viser eigedom 8/40.



Bilete syner dagens situasjon på eigedom 8/40, med naust og kaianlegg, sett mot aust.

Eigedom 8/41 og 46


Eigedom 8/41 og 46 som grensar til kvarandre, er eigd av Frode Litlabø. Eigedomane er i kommuneplanen vist med føremål *fritidsbebyggelse*, og område for *småbåtanlegg* i sjø. Eigedom 8/41 måler totalt ca. 275m², og er frå før utbygd med 1 stk. naust og kaianlegg. Eigedom 8/46 måler totalt ca. 179m², og er ikkje utbygd frå før. Denne eigedommen består såleis av urørt natur i form av berg og skrinne vegetasjon. Begge eigedomane ligg i nær tilknytning til eksisterande tilkomstveg og parkering (SKV2 og f_SPP1). Det det er ikkje registrert spesielle interesser eller verdier på eigedomane som bør ivaretakast.



3D-illustrasjon av eigedom 8/41 og 46, sett mot nord-vest.

I samband med planen er det planlagt å erstatte eksisterande naust på 8/41 med 1 stk. ny fritidsbustad og i tillegg etablere 1 stk. ny fritidsbustad. Eksisterande naust er gammalt og forfalle, men vurdert til å ikkje ha nokon spesiell verdi (viser til Kap. 8.1 i planomtalen). Det er også på eigedom 8/41 planlagt å utvide eksisterande kaianlegg. På eigedom 8/46 er det planlagt 2 stk. nye fritidsbustadar i rekke med felles kaianlegg.

Fritidsbustadane på eigedom 8/41 og 8/46 vil få 2 stk. parkeringsplassar kvar i SPP2 og der i frå tilkomst via nye tilkomststegar i bakkant over eigedom 8/1. Planlagde tiltak er i tråd med overordna plan.



Utsnitt frå plankart som viser eigedom 8/41 og 46.



Bilete syner dagens situasjon på eigedom 8/41, med naust og kaianlegg, sett mot nord.


Eigedom 8/54

Eigedom 8/54 er eigd av Jostein Bernhard Sørenes. Eigedommen er i kommuneplanen vist med føremål *fritidsbebyggelse*. I sjø er det avsett område for *småbåtanlegg*. Eigedommen måler totalt ca. 239m², og er frå før utbygd med 1 stk. naust, kaianlegg og ei flytebrygge på ca. 3,0x12,0m. Eksisterande naust er frå eldre tid (1800-t) og difor også SEFRAK-registrert med id: 1219-0008-011 hjå Riksantikvaren. Naustet har ikkje originale materiale i dag og er lite vedlikehalde i seinare tid. Naustet er meldepliktig ved riving/ombygging, men ein ikkje kjenner til at naustet har spesielle verdiar som bør ivaretakast. Eigedommen er tilgjengeleg via eksisterande tilkomstveg (SKV2), og det er til saman sikra 2 stk. parkeringsplassar, fordelt på eigen grunn og felles parkeringsplass f_SPP1. Eigedommen er stort sett ferdig planert og opparbeidd frå før, men har noko urørt natur mot nord. Det det er ikkje registrert spesielle interesser eller verdiar her som bør ivaretakast.



3D-illustrasjon av eiendom 8/54, sett mot nord-vest.

I samband med planen har ein lagt til rette for at eksisterande naust kan rivast og erstattast med ny fritidsbustad. Eksisterande kai og båtanlegg skal i utgangspunktet bevarast slik det ligg i dag. Område med urørt natur er i planen sikra som grøntområde med tilgjenge til sjø og vil kunne nyttast som friområde for ålmenta. Planlagde tiltak er i tråd med overordna plan.



Utsnitt frå plankart som viser eiendom 8/54.



Bilete syner dagens situasjon på eiendom 8/54, med naust, kaianlegg og flytebrygge, sett mot nord.


Eigedom 8/79

Eigedom 8/79 er eigd av Inge Geir Johannesen. Eigedomer er i kommuneplanen vist med føremål *fritidsbebyggelse*. I sjø er det avsett område for *småbåtanlegg*. Eigedomer måler totalt ca. 176m², og er ikkje utbygd frå før, men er i dag urørt, med unntak av oppbevaring av noko tømmer og utstyr. Det er ikkje registrert spesielle interesser eller verdiar på eigedomer som bør ivaretakast.



3D-illustrasjon av dagens landskap som grovt viser eigedom 8/79, sett mot nord-vest.

I samband med planen er det på eigedom 8/79 planlagt å etablere 1 stk. fritidsbustad med tilhøyrande kai. Den planlagde kaien vil i sør bli liggjande langs eksisterande naust på 8/10, og skape betre tilgjenge. Eigedomer er frå før godt tilgjengeleg via eksisterande tilkomstveg SKV2, og det er avsett 2 stk. parkeringsplassar fordelt på eigedomer og f_SPP1. Planlagde tiltak er i tråd med overordna plan.



Utsnitt frå plankart som viser eigedom 8/79.



Bilete syner dagens situasjon på delar av eigedom 8/79, sett mot sør. Kai vil bli liggjande langs eksisterande naust på nabotomt 8/10.



Bilete syner dagens situasjon på eigedom 8/79, sett mot nord.

Oppsummering:

Planen opnar for fortetting og tilrettelegging i strandsona, og målet er å auke tilgjenge og bruksverdi i område for både grunneigarar og ålmenta.

På bakgrunn av ulike innspel og merknadar som har kome inn i samband med planprosessen, har ein allereie hatt fleire rundar med justering av planen for å unngå konflikt som tidlegare var i strid med kommuneplanen med tilhøyrande føresegner og andre interesser i område. Slik planforslaget no føreligg, kan ein *ikkje* sjå at det lengre skal vere noko avvik frå kommuneplanen. Sidan oppstart av planen har ein mellom anna justert plangrensa i sjø i tråd med føremålsgrensa i kommuneplanen, redusert med ein mindre eining, trekt frittliggjande fritidsbustadar lengre opp frå strandlinja, og sikra meir grøntareal/friområde og samanhengjande grøntstruktur i område. I tillegg så er omfang av småbåtanlegg, vesentleg tilpassa og redusert for å imøtekoma interesser og merknadar, i hovudsak hjå Fiskarlaget vest (sjå merknadar under Kap. 6.0 i planomtalen).

Vidare kan ein ikkje sjå at planen vil koma i konflikt med spesielle natur-, kultur- og/eller friluftslivsverdiar, eller andre interesser i område (viser her under til planomtale Kap. 3.5, 6.0 og 8.0). Strandsona er frå før 100% bygningspåverka, og planlagde tiltak vil stå i stil med eksisterande utbygging i område. I tillegg til at planområde vil få ei flott utforming med nye bygg og anlegg, vil område også verta godt tilrettelagt med nye veganlegg/turvegar som knyt område saman med eksisterande naustområde lengre nord, og gjev ålmenta høve til å gå i rundløype i kontakt med strandsona. Planen støtter opp under marin rekreasjon og mål om betre folkehelse i kommunen, og vil generelt bidra til å gjere område meir attraktivt. Ut i frå dette meiner ein at planforslaget bør vere akseptabelt.